


Os Kyrkjeblad

Nr. 2 / April 2018 / 73. årgang



- Vi er ein bodskap


Intervju med Rune Larsen.

Side 3



Konfirmasjon i Os

Oversikt over alle konfirmantar og konfirmasjonsgudstenester i Os. [Side 6](#)



150 år med misjon

Madagaskar etter 150 år med norsk misjon.

Side 9

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:

Gerhard Hansen

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Picapoint Studio
www.picapoint.no

FOTO FRAMSIDE:
Øyvind Gjerde

TRYKK: Borge Grafisk AS
OPPLAG: 8.460 stk

OS SOKNERÅD:
Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:
Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10

KYRKJEKONTORET I OS:
Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.
E-post: post@os.kyrkja.no
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



Som barn i ditt hus ...

Denne sangen er på repertoaret som konfirmantsang i Os kyrkjelyd, og gjennom konfirmantåret vert både konfirmantar, foreldre og kyrkjelyd kjent med denne songen.

*Som barn i ditt hus, har vi
hver og en et sted,
Der vi kan søke ditt ansikt
og du gir oss av din fred.....*

Konfirmanttida – der ein står på terskelen mellom eit liv som barn og vaksen. Tida for å ta eit sjølvstendig val i høve til kva ein skal tru på, kva verdiar ein vil byggje på og kva fellesskap ein vil høyre til. Store spørsmål i eit ungts liv.

Kyrkjelyd og foreldre har eit felles ansvar for å gje dei unge kunnskap om og kjennskap til kva den kristen trua er, og korleis trua kan praktiserast og vere ein del av kvardagslivet.
Ei viktig oppgåve som krev bevisst tanke og handling.

Ungdom og tru i 2018 kan verke utfordrande på fleire måtar
Sannheit er ikkje så einsarta som det var for foreldre- og besteforeldre generasjonane. Individualisme pregar oss på alle områder og tru kan til tider opplevast som eit tabu tema.

Døyp dei og lær dei. Eit livsviktig oppdrag! Vi må sørge for at alle barn og unge i kyrkjelyden vår får rom til si tru og sin tvil. Dei treng vaksne som lærer dei, går saman med dei, samtalar med dei om stort og smått , ber saman med dei. Slik kan vi gje dei rom og fellesskap der dei får kjenne og oppleve krafta frå «..... ein sann Gud som er frå æve og til æve»

*Som barn i ditt hus gir du rom for alt vi er.
Vi har vår styrke og svakhet.
Midt i alt er du oss nær.
Du samler oss nå til bønn og
lovsang rundt ditt bord.
Og vi skal gå med din kjærlighet
ut til alle folk på jord.*

Refreg:

*Du har lovet å være til stede
for å dele vår sorg og vår glede.
Gi oss vilje og mot til å leve,
Herre, som barn i ditt hus.*

HiLL





Vi har ikkje ein bodskap - vi er ein bodskap.

Dette seier Rune Larsen, ein av våre gode songarar og profilerte avhaldsmenn om førebyggjing. Han konstanterar at rusen er det største sosialmedisinske problemet vi har i Noreg i dag.

Elles er han glad for at kyrkja tek inn over seg at alkoholen ikkje berre er ein ven som kan nyta til god mat, men og ein fiende som øydelegg menneske. Han gjev tydeleg utrykk for at med desse utfordringane vi står framfor her, er ikkje ord nok. Vi har ikkje ein bodskap, vi er ein bodskap.

Den Norske kyrkja sin visjon er å vere ein vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekirkje. Diakonien handlar i særleg grad om den tenande folkekirkja. Frå apostlane si tid, då vi kan rekne omlag 2000 år attende, var vitnesbyrda, gudstenesta og diakonien kyrkja sine tre grunnfunksjonar. Diakonien skulle vere integrert i dei to andre funksjonane og gjennomsyra alt arbeidet. Motarbeiding av fattigdom, hjelp til sjuke og framande var noko av det som vart det viktigaste innanfor diakonien. Diakonien skulle då, som i dag, vere med å bringe Guds rike nær menneske. I dag står vi på mange måtar framfor dei same utfordringane som vi kan sjå tilbake på, men kanskje i ein noko annan form. Det er ein velkjend sak at mykje av fattigdomen i verda i dag skuldast rusrelaterte problem. Korleis stiller vi oss som samfunn til denne utfordringa?

Eg spør Rune Larsen kva han meiner kyrkjelyden og andre konkret bør gjere i forhold til den utfordringa vi står ovanfor når det gjeld rusproblem.

Rune:- Kyrkja bør ta eit oppgjer med "normaliseringa" av alkohol. I dag er det nærmest unormalt å ikkje drikke eit glas vin, eller å ta ein øl i godt lag. Den største oppgåva er å snu dette. Det må bli normalt å ikkje ta til seg nervegift. Dette gjer ein ikkje ved at ein fokuserar på dei som "har

eit problem med alkoholen". Det gjerast ved å skape ein motkultur til det drikkepresset "normaliseringa" representerar. Heilt konkret inneber det at ein ikkje lenger drikker i det offentlege rom, ikkje serverar alkohol når ein har eit lag i heimen. I det heile teke, visar i handling at rusen er det største sosialmedisinske problemet vi har i Norge i dag. Dersom vi berre snakkar om dette, eller utelukkande fokuserer på dei som "verkeleg har eit alkoholproblem" blir vi treft av det gamle kinesiske visdomsordet: "Eg høyrer ikkje kva du seier, for livet ditt roper for høgt."

Rune, har du gode råd til foreldre når det gjeld førebygging av rusproblem?

Dei fleste foreldre er ikkje rusavhengige. Dei nyter kanskje eit glas til god mat og opptrer ansvarleg og vaksent i forhold til alkohol. Sidan det difor ikkje ville kosta dei noko å la vere å drikke i ein periode av livet, har eg følgjande utfordringar:

- Ver eit førebilete
- Gjer det normalt å ikkje drikke alkohol i nokre samanhengar.

Det klarar seg med desse to råda. All forskning viser at foreldre som skal "lere" sine barn å ha eit «ansvarleg» forhold til alkohol, ikkje oppnår nokon ting. Det einaste resultatet er ein form for legalisering av rusmiddelet. Eg veit at mine to råd er tøff medisin, men det er det einaste som fungerar. Spørsmålet er berre om foreldra VIL gje frå seg det velbehaget som eit glas vin eller ein kald pils kan representera.

Kvífor engasjerar dette feltet deg?

Fordi eg har sett så mykje trist i fotspora til alkoholen, og fordi eg er så lei av alle debattar om "haldningsskapande gjerningar". Eg har fulgt med på TV-debattar i over 30 år og blir nesten kvalm over å høre "haldningsskapande". Det vi treng er HANDLINGSSKAPANDE gjerningar. Vi treng førebilete som seier nei til ein kvar form for rus. Det er ikkje narkotikaen som er det største problemet i landet vårt i dag. Det er normaliseringa av det sosialt aksepterte rusmiddelet; alkohol.



Kva trur du skal til for å lykkast i arbeidet med førebygging?

At vaksne menneske engasjerar seg med meir enn ord. Eg har ikkje noko problem med å forstå at eit glas vin til god mat kan være eit gode, eller at ein kald utepis ein varm somardag kan vere ein rein nytelse. Det eg imidlertid vil utfordre er viljen til å seie nei til dette gode i solidaritet med alle dei som ikkje maktar å drikke på ein "ansvarleg" måte.

Kva har gjort til at du har klart å halde fast på ditt val om å vere avhaldande til alkohol?

Heilt sidan eg byrja å spele til dans som sekstenåring, har eg sett kva rus kan gjøre med menneske. Unge menneske som er sanselaust berusa har aldri tiltala meg. Difor bestemde eg meg som ganske ung for å seie nei til ein kvar form for rusgift.

Til slutt; kva tenkjer du om viljestyrke?

Viljestyrke er noko som må læraast. Det handlar om oppdraging. Her er det heimane som har ei oppgåve. Men det hjelpt ikkje å preike om viljestyrke. Den må visast i praksis. Foreldre må vise at dei har sterkt nok vilje til å seie nei til alkohol i alle sosiale samanhengar. Den bodskapen er lettare å forstå enn alle foredrag om rusen sine skadeverknadar. Først når vi er villige til å ta slike radikale verkemiddel i bruk, kan vi ha håp om å gjøre noko med rusmisbruket. Ord er ikkje nok. Vi har ikkje ein bodskap. Vi ER ein bodskap.

Tekst av Ingrid Vik



«Stå opp» påskekonsert TweenSing Os

«Vekk meg opp, kjære verden ta så vekk meg opp» Gabrielle Leithaug

*Vi er Stein i skoa, rusk i øyet, kjepper i et hjul.
Vi er mange små, vi er sikker på, det er noe som er nå!
Stå opp for andre! Riv murer ned
Vi bygger fellesskap, vi bygger fred*

*Når vi ikke velger rett, når vi feiler rett og slett
Når vi ikke gjør det gode, det som gjør godt
Når vi faller er det EN, som blir stående igjen
Som tar straffen som vi alle skulle fått.*

Dette er tekster fra sanger som TweenSing Os framførte i påskekonserten «Stå opp», i Os kyrkje søndag 18.mars. Påskebudskapet, miljøvern og fellesskap var hovedtema i konserten, og er henta frå «Stå opp» musikalen laga av KFUK/KFUM. ca 70-80 publikummarar fekk sjå og høre kva tweensa hadde øvd på sidan hausten 2017.

Sidan påskeforteljinga er så fint visulisert i Os kyrkje, med flotte kunststasjoner, var første del av konserten ei vandring der tweensa fortalte dei ulike hendingane i påska. Det vart ei rørande og flott vandring som satte temaet for konserten vår. «Stå opp» er ein musikal som fortel oss om Jesu oppstandelse, men den viser oss og andre bilete på kva oppstandelse er, og kva Jesu oppstandelsen har og seie for oss i dag. Fordi Jesus stod opp for oss, så kan vi stå opp for oss sjølve, stå opp for andre og stå opp for verden.


Oppstandelse kan og handle om å «lage oppstandelse», protestera, skapa liv og

røre. Dette ville tweensa sette fokus på. For sjølv om alt det skapte er godat, så er jo ikkje alt på jorda godt for alle. Det er ikkje fred alle stader, barn veks opp med krig og svolt, og no ser vi at havet vårt er fullt av plast!

Dette er ein gjeng med utolmodige tweens! Det er noko som haster, og det har denne gjengen prøvd å lage litt oppstandelse om!

Vi hadde ei stor oppleving som fekk halde konsert i Os kyrkje! Mykje takk vere god lyd, mikrofonar og teknikk ved Martin Bergsvåg og Even Hatlestad frå Join Us. Tusen takk til desse to!

TweenSing Os hadde og med seg eit flott band; Linda Haugland (piano), Simon Bjørnevik (bass), Kjell Inge Drønen (elgitar) og Sten Aase på trommer. Tenk at vi har så flotte folk i denne kyrkjelyden som stiller opp for tweensa våre på den måten. Mange timer med øving. Tusen takk for at de var med å gjorde konserten så bra!



**loved KonfCamp
2018 Etne**

Palmelørdag var 63 Os-konfirmantar og 8 leiarar klar for avreise til årets Konf Camp i Etne. Bussene vart fylt opp med skutstyr, madrassar i mange utgåver, kofferter og bag'er.

Dette var starten på fire dagar fullpakka med aktivitetar, forkynning og fellesskap. Tilsaman var der samla om lag 400 konfirmantar frå Hordaland og Rogaland. Kjekt å være på tur saman med vene og kjent, og samstundes veldig kjekt å bli kjent med konfirmantar frå andre stader!

Det er Acta Normisjon som arrangerer denne konfirmantleiren og dei har klart å få til eit veldig godt opplegg for ungdomen vår. Vi håper gjengen frå Os sit at med mange gode minner frå leiren og at dei fekk med seg kunnskap og inspirasjon om det å leve som unge kristne i vår tid.

TweenSing Os

Eit kor for 5. – 7.klassinger. Vi øver i Nore Neset kyrkje kvar tirsdag kl 18 – 19.30.

Dersom du er i aldersgruppa er du hjarteleg velkommen! Kom gjerne på ei øving før du bestemmer deg om dette er noko for deg. Vier ein ganske livleg og utruleg kjekk gjeng som syng, leikar, dansar og et kveldsmat saman til slutt. Kom innom då!

HILL



UNG

Bli med i Os KRIK!

Er du en som irriterer deg over at ingen ballspill eller fritidsaktiviteter passer til deg?

Er du en som irriterer deg over at ingen ballspill eller fritidsaktiviteter passer til deg? Då er Os KRIK perfekt for deg. På Os KRIK treningene varierer vi mellom mange forskjellige ballspill og ulike aktiviteter samtidig som vi har det kjekt sammen og blir kjent med nye folk.

Os KRIK er for de som går i 7. trinn og oppover. Treningene har vi på fredagar fra kl 18:30-20:00 i gymsalen på Os ungdomsskole. Om du finner ut at Os KRIK er noe for deg, kan du melde deg inn hos oss for 100kr i året.

Er du mellom 14 og 17 år og Vil være med på noen supre dager på leir?

Action er en leir i regi av KRIK, Kristen Idrettskontakt. Her får du Leirsang,

lovsang og inspirerende taler. Du kan også besøke Skandinavias største vannpark. Gjør deg klar for noen deilige dager på leir og få nye venner fra hele landet! Fra Os KRIK er det flere som er klar for å reise med deg!

Fyller du 16 i år og er gira på aktive dager. Feelgood og felleskap?

Morgen-og kveldsmøte med massevis av lovsang? Henging i hagekroa? Og skikkelig sommerstemning? Da må du bli med på ARENA 2018. Arena er en leir i Dvergsnestangen i Kristiansand for deg mellom 16-22 år. Gjør deg klar for masse morro!

Konfirmant 2019?

Det er snart tid for å melde seg på som konfirmant i Os kyrkje 2019.

I mai sender vi ut infobrev og brosjyre til alle 8.klassingar som er døpte eller tilhøyrande i Os kyrkje. Vi besøker og ungdomskulane for å informere om opplegget vårt. Foreldre/føresette er invitert til info møte onsdag 23.mai , kl. 18.00 i Os kyrkje 19.30 i Nore Neset kyrkje

PÅMELDING

Vert opna i veke 22, siste veka i mai. Nettadressa er: kyrkja.no/os

Ta kontakt med kyrkjekontoret dersom du får problem med påmeldinga. Tlf. 56 57 24 00 E-post: post@os.kyrkja.no

Velkommen som konfirmant i Os i 2019!

MILK = MiniLeiarKurs

Som ein av satsingane i ungdomsarbeidet vil kyrkjelyden i samarbeid med KFUK-KFUM arrangere eit MiniLeiarKurs for ungdom. Tilbodet vil gå til årets konfirmantar.

Ser du deg sjølv som leiar, kjenner du nokon som du tenkjer har leiareigenskapar, har du nokon i nær relasjon som dette kan vere aktuelt for?

Tema for kurset:

Eg, Eg og Gud, Eg & dei andre, Styrearbeid & Organisering, Leiaren & organisasjonen, Leiaren – trygg med andre

MILK-helg: Eg & Kyrkjelyden; Gudstenesta, Praksisoppgåve.

Kurset vil gå fem ettermiddagar fordelt på hausten/våre og ei helg/weekendtur, samt praksisoppgåver ved ulike arrangement i regi av kyrkjelyden eller KFUK-KFUM. MILK gjev deg leiarerfaring og gjer seg godt på CV'en.

**Er du interessert og vil du vite meir?
Send oss ein e-post!**

Lars Joar Hilleren,
ungdomsarbeidar:
ljh@os.kyrkja.no

Inger-Johanne Haugland,
frivilligkoordinator/ungdomsarbeidar:
ijh@os.kyrkja.no



Konfirmasjon i Os

Ei Konfirmasjonsgudsteneste er ei vanleg gudsteneste, men der kvar konfirmant kjem fram til alterringen og vert bedt for. Program med dei ulike liturgiske ledd + salmane som skal syngjast vert delt ut til alle som kjem for å delta i gudstenesta. For kvar kyrkje er det egen namneliste over kven som vert konfirmert ved kvar gudsteneste, med tid og dato.



Plassar i kyrkjene

Det vert reservert plassar i kyrkjene, **berre for konfirmantane**. Det er ikkje maksimumstal på kor mange gjestar kvar konfirmant kan ha med til kyrkja; kvar konfirmant/familie ber med seg dei ein ønskjer skal vere til stades. Ver derfor ute i god tid. Det vert alltid fullt slik at dei som kjem sist må kanskje stå. Det vert teke opp offer til konfirmantarbeidet ved kvar konfirmasjonsgudsteneste, så fint om ein har med kontantar.



Parkering

Ved Nore Neset kyrkje er det avgrensa med parkeringsplass ved kyrkja, men det er anledning å parkere ved skulane (5-7 min gange).

Ved Os kyrkje kan ein parkering ved nedre skuleplass (fotballbanen) og i Os sentrum.



Fotografering

Ein må gjerne fotografere når konfirmantane kjem inn i kyrkja og når dei går ut. Mange synes også det er flott å ta bilete av konfirmanten på kyrkjbakken etter gudstenesta.

Nore Neset kyrkje Laurdag 5. mai

Kl. 9.30

Aksel Harju Skeie
Benjamin Askvik Midtbø
Celina Eide Døsen
Daniel Størkson
Dennis Wassberg
Elina Harju Skeie
Johannes Meidel Eikeland
Linnea Lorentzen Nordtveit
Tuva Berge

Kl. 11.30

Elias Nybøe Moberg
Ellinor Sebak
Håvar Breivik Benjaminsen
Iselin Søviknes-Larsen
Jaran Sandvik
Juliane Dale Wollertsen
Kari Hagen
Karoline Krukhaug
Kathrine Madelen Li
Marie Wallem Aspaker
Nora Refsdahl Johannessen
Thale Strønen Skeie
Torjus Storum Vikøyri

Kl. 13.30

Bjarte Torget
Dorthea Walquist Røttingen
Filip Lunde Fosen
Helene Søviknes



Jonas Kvinge Austevoll
Kine Ullensvang Moland
Løke Eide
Malene Nordtveit Lunde
Nora Kvinge Austevoll
Sivert Arne Øvrebø Lillefosse

Martin Willgoths Ramsvik
Michael Valderrama David
Noah Våge Fosså
Ragnhild Emilie Sandmo Raa
Sondre Bøhmer
Tobias Bødtker
Tyra Jade Pedersen Walde
Vilde Dahl-Nybø
Viljar Hanstvedt

Kristian Skjelvik Eidnes
Magnus Langdal Eidsvåg
Malin Solstrand Ludvigsen
Marcus Lyssand
Maren Lyssand
Maren Maltun
Markus Johannessen
Markus Heggø Nordland
Markus Ognøy Hamre
Nicholas Hansen Heggeland
Ole Johannes Gjerde Aadland
Ronja Nilsen Limstrand
Selena Andrea Gjøsæter-Pedersen
Stella Skåtøy Homlong
Stian Bugge Amundsen
Trine Schroth Eyjolfsdottir
Valeria Cuellar Alvarado
Vegard Bergo Haugland
Victoria Fauske Søfteland

Os Kyrkje

Sundag 6. mai

Kl. 10.00

Andreas Nyhus
Athina Rein Haugland
Danielle Ivinskyte Lundekvam
Frida Mathiesen
Halvor Johan Høyland
Ingeborg Hernes Leonsen
Ira Marlen Solstrand
Isabell Renee Aase
Isak Sælen
Johannes Kristian Klyve Forsbø
Julie Storebø
Julie Havsgård Kremener
Jørgen Nyhus
Magnus Emil Dedekam Sveen
Marius Sirevåg Magnussen
Martin Hatlestad
Melina Foss Hetlefåt
Mikal Andre Duna Skår
Scott Holger Nord Drange
Sol Skorpen
Thea Moberg Risøen
Ylva Underhaug

Kl. 12.00

Amalie Vetvik Olsvold
Andreas Støle
Andreas Tvedt
Anja Sagen Jensen
Astrid Mathilde Mjånes
Caroline Eskedal Fimreite
Cathrine Nødland
Christian Flint Haugland
Even Jentoft
Fredrik Jensen Ulvatn
Helene Gjøvåg
Henrik Skromme Toft
Inger Christine Foldrup
Karina Ekerhovd Kyrkjeteig
Kristina Andreasson Dale
Martin Roksvåg

Os Kyrkje

Laurdag 12. mai

Kl. 10.00

Adrian Lothe Måge
Andreas Severin Brattebø
Aurora Langhelle Troøyen
Benedikte Hope Nilsen
Carina Nesheim Dyrli
Casper Storaker Melling
Celine Korneliussen Bastiansen
Celine Isabelle Jørgensen
Edel Kofoed Rimstad
Emilie Klausen Turøy
Erik Lind Norvik
Even Skare Robertsen
Fredrik Sagen Hermansen
Henriette Tverderøy Eidsvik
Ida Vaktskjold
Ida Anette Isdahl
Jaran Eikeland Jarland
John Phillip Phimmaha Askeland
Lykke Lekven
Markus Lund Haddal
Martin Monsen
Martin Bakke Slåttsveen
Mikael Ottesen Hustad
Vibeke Nordtveit
William Moberg Hetlefåt

12.00

Christine Ognøy Hamre
Eva Marie Saltskår Jentoft
Hedda Segelvik Øvredal
Håkon Lund Bertheussen
Ida Lyssand
Ida Davanger Nielsen
Ida Farestveit Dale
Johan Døsen Borgen
Jonas Lyssand
Julie Skaar Solholm

Nore Neset kyrkje

Sundag 13. mai

Kl. 10.00

Anders Tetlie Brimsholm
Anna Bolstad
Emma Oline Hovland
Ida Neteland Rykkje
Lars Eirik Vevatne
Lena Søfteland Wik
Sebastian Tveit Aars
Vegar Klyve

Kl. 12.00

Andreas Hevle
Chantelle Lokøy
Eivind Haga Haukadal
Emil Pedersen Matre
Håvard Jacobsen Askvik
Håvard Tenold Herland
Joakim Myrdal
Marcus Åsheim
Maren Sofie Østgulen Rondestveit
Maria Lekven
Miriam Heltne
Niklas Mordal Kvamme
Tonje Røttingen
Tuva Baggen



Opplev Påske!

I PÅSKEN HAR osingene fått anledning til å oppleve påsken sitt budskap i Os kyrkjelyd på en annerledes måte enn hva som gjerne er vanlig - «Opplev Påske» eller «Experience Easter».

Dette er et konsept kapellan Roar Hallesby Evjedal tok med seg hjem til menigheten vår fra sitt misjonsopphold i Nord-England.

Over hundre barn i alderen fra 2 år til 6 år, har fått erfare «Opplev Påske» i Os kyrkje. Knøtteliten Barnehage, er bare en av de

mange barnegruppene, som har kommet på besøk i Os kyrkje. «Opplev Påske» er primært rettet mot 5-åringene.

De blir guidet igjennom stasjonene av faste- og frivillige medarbeidere:

- Palmesøndag - Håp og drømmer
- Skjærtorsdag - Tjenerkongen
- Skjærtorsdag - Til minne om meg
- Langfredag - Alene
- Langfredag - For oss
- Påskedag - Oppstandelsen

Her får de blant annet smake på usyret brød, vaske føttene og vifte med palmegrener.

6-åringene har igjennom trosopplæringstiltaket «Heilt Fyrsteklasses» fått anledning til å være med på en litt kortere utgave av påskevandringen. Ellers har Palmesøndagsgudstjeneste, påskegudstjeneste i regi av Os barneskule og Tweens-konsert bidratt til at mange osinger har fått erfare «Opplev Påske» i Os kyrkje.

Vi oppfatter at «Opplev Påske» formidler påskebudskapet er på en unik måte til barn. Et brutalt, men samtidig sentralt budskap i vår evangelisk lutherske tro. Dette er vi selv sagt meget stolte over og takknemlige for!



Sprell Levande barnesamlingar

Dato	Os kyrkje
15. april	Høgmesse
22. april	Myldregudsteneste / 4-årsbok
29. april	Barnesamling ved gudsteneste
27. mai	Os Kyrkjelyd sin sommarfest
3. juni	Barnesamling ved gudsteneste
10. juni	Barnesamling ved gudsteneste
17. juni	Barnesamling ved gudsteneste

Dato	Nore Nerset
14. april	LørdagsSprell kl 11-13
22. april	Barnesamling ved gudsteneste
6. mai	Barnesamling ved gudsteneste
27. mai	Os Kyrkjelyd sin sommarfest(os kyrkje)
3. juni	Barnesamling ved gudsteneste
9. juni	LørdagsSprell kl 11-13
17. juni	Barnesamling ved gudsteneste

Syns du dette høyres kjekt ut, og kan tenka deg å hjelpa til i dette arbeidet?
Vi tar godt imot deg!

Ta kontakt med Gro Helen B. Skjælaaen
på tlf 56572412eller
epost:ghs@os.kyrkja.no



Madagskar etter 150 år med norsk misjon

Tekst: Lars Hernes


For norske misjonsvener har Madagskar vore sjølve Solskinsøya, og det i dobbel forstand. I fjar haust kunne både norsk misjon og Den gassisk-lutherske kyrkja (FLM) feira 150-årsjubileum. Og det finst god grunn til jubel. FLM har no over 8.100 kyrkjelydar, og talet aukar med 3-5 for veka. Men politisk, sosialt og økonomisk står det ille til. Madagskar ligg no på tredje siste plass over dei fattigaste landa i verda. Utbreidd korupsjon, maktmisbruk, grell urettferd og politiske kriser medverkar sterkt til det økonomiske uføret.

Dei norske pionerane

Det var i 1867 at dei to fyrtre norske misjonærane, John Engh og Nils Nilsen, steig på land i hamnebyen Toamasina. På fotstiar der det mange stader knapt var framkjømt, vart dei frakta i berestol opp til hovudstaden Antananarivo, 1200 moh. i det gassiske høglandet. I Betafo, 20 mil unna, byrja dei pionerarbeidet sitt. 8. desember same år heldt dei si første gudsteneste der. FLM reknar denne datoan som starten på kyrkjesamfunnet.

«Vi møtest i himmelen»

Men alt frå 1818 hadde det kome engelske misjonærar til Madagskar. Dei fekk jamvel kongens løyve til å omsetja Bibelen til gassisk, den som seinare vart kalla martyrbibelen. For då den vestvende kongen døydde, og dronning Ranavalona kom til makta, starta forfylginga av dei kristne. Misjonærane vart etter kvart utviste. Innfødde kristne som nekta å avsverja trua si, leid martyrdøden. Eit døme: I 1849 vart 14 kristne borne som slaktekveg fram til ein høg fjellskrent. Der vart dei lempa utfor, rett i døden. Fyrst etter dronning Ranavalonas død i 1861 vart landet igjen opna for misjon. Dei neste tiåra kom det stendig fleire norske utsendingar. For svært mange vart det ei livslang teneste som enda med




ei grav i gassisk jord. Ved utreisa frå kaien i Stavanger sa dei gjerne til sine kjære: «Vi møtest i himmelen.»

Jubileumsboka - eit praktverk

Ei tid før jubileumsfeiringa i fjar haust kom det ut eit praktverk av ei bok, skriven i reportasjeform etter ei omfattande rundreise. Arild M. Bakke fekk idéen. Som misjonærbarn med oppvekst på Madagskar, sidan sjølv misjonsprest og no også norsk generalkonsul, har han hatt gode føresetnader for å planleggja reiseopplegget. Tekstforfattaren, Cornelius Munkvik, er journalist i Stavanger Aftenblad. Han skriv livfullt om alt dei vert vitne til på ferda. Tredje mann i reiselaget, Pierrot Men, har æra for eit biletstoff som illustrerer og utfyller teksten på framifrå vis.

Dette er ikkje primært ei bok om dei norske misjonærane. Men somme er ikkje til å koma utanom. Det gjeld særleg hovdingen Lars Dahle, den rikt utrusta romsdølen som i ein lang periode var ein myndig og handlekraftig leiar av misjonsfeltet. Med sine solide kunnskapar i dei bibelske grunnspråka fekk han mykje å seia for arbeidet med ei ny utgåve av martyrbibelen. FLM framhevar òg at han skipa presteseminar og var med på å gje ut den første salmeboka til kyrkja. Og Dahle var ingen kulturimperialist. Han verdsette den gassiske kulturarven høgt. Såleis, som ein slags gassisk Asbjørnsen og Moe samla han ei mengd folkeeventyr og anna tradisjonsstoff.

Madagskar
Mennesker og menigheter etter
150 år med norsk misjon
Mosaikk Forlag 2017



«Haugiansk frukt»

Men det meste av stoffet i boka er rykande aktuelt. Boka gjer svært god greie for det mangslunge arbeidet innanfor FLM. I samarbeid med kyrkja spelar norske medarbeidarar framleis ei viktig rolle. Også til inspirasjon for norsk kristenliv legg våre gassiske trussysken vekt på at evangeliet må forkynnast i både ord og handling. Programmet Bruk talenta dine! er ein målretta strategi for nye tiltak til gagn for lokalsamfunna. Det gjeld m.a. gode påhitt for å koma ut av arbeidsløysa, men også yrkesopplæring og assistanse for å kunna starta opp eigne verksemder. Dette har resultert i ei mengd småbedrifter, t.d. arbeidsstover som produserer handarbeid i vev og saum. Dette kan kallast «haugiansk frukt» på gassisk jord. På landsbygda underviser fagfolk bøndene i ein berekraftig bruk av jorda. På sør austkysten har birøkt vorte ei vekstnæring.

Så er det flott å lesa om dei mange omsorgssentra som kyrkja driv for dei som slit med livet sitt. Her får dei både hjarterom og husrom. Eit slikt senter ligg i Ankaramalaza, heimbyen til den visjonære profetkvinnan Nenilava. Ho fekk òg ein tur til Noreg. Eg hugsar enno godt kor misjonspresten turka sveitten etter å ha tolka dette fyrverkeriet av ein vekkingspredikant.

Dette er ei makelaus misjonsbok til glede og gagn for alle som er engasjerte i tenesta for Herrens rikssak. Ho høver både til raske dykk i det velstrukturerte stoffet heime i godstolen og til opplesing der misjonsvener er samla.



Kom regn fra det høye - en salme for pinse

(Salme 226)



I Bibelen brukes mange ulike bilder for å beskrive Den hellige ånd. Bildene kan bokstavelig talt være så ulike som ild og vann. Her brukes regnet i første vers og ilden i andre vers.

1. *Kom, regn fra det høye, la jorden opplives som blomstrende dal,
Så alt vår Jesus har lovet, må gives i tusene tall!
Du ville det arme, fortørrede mot forfriske og glede,
og kilder innlede av paradisflod, av paradisflod!*

2. *Kom, kjærlighetslue, la hjertene brenne i enhetens ånd!
Bind sammen oss alle som fikk deg å kjenne, med kjærlighets bånd!
Fra deg ei å vende oss ut eller inn, men redelig vandre
og aldri forandre det himmelske sinn, det himmelske sinn.*

Andrew Holman

KANTOR

Ny medarbeidar

Endeleg lukkast vi med å rekruttere ny organist til Os.

Anton Proskurnin starta opp 1. april i 50 % stilling. Han har tidlegare vore organist i Askvoll og Hardanger og skal kombinere stillinga her med tenester i Vaksdal fellesråd.

Anton er frå Murmansk i Russland og har erfaring som musikklærar. Han snakker godt norsk og vi ser fram til eit rikt samarbeid med Anton i Os kyrkjelyd.



GAH

Sokneprestens hjørne: Jesus lever.

Det er påsketid. Tida frå påskennatt til søndag før pinse er farga av dei klåraste og mest skinande fargane i kyrkjeårsdiamanten. Jesus lever. Det er sant. For tanken umogeleg, for trua er det naudsynt. På oppstodedenagen, kvar einaste søndag samlast kristne over heile verda, for å minnast denne hendinga.

Og likevel undrast eg: lar vi krafta av oppstoda og glede over henne, sleppe til mellom oss og prege oss, eller er vi meir opptekne av å bygge gjerder og å verne om den «rette læra» slik vi sjølv tolker kva som er den rette lære?

Påskedag i år leste vi om Maria Magdalena og den andre Maria som fann grava tom. Dei vende seg vekk frå den tomme grava, vekk frå dauden og gjekk tilbake til livet sitt, til kvardagen. Då kom Jesus imot dei, frå framtida. Den levande i landet til dei levande.

Før påsketida i år er over, er enda eit kull ungdomar i ferd med å avslutte konfirmantåret sitt. Vi ber om Guds velsigning over liva deira. Og sender dei ut i ei verd som ikkje berre er enkel. Mørke skyer av plasthav og kald krig trugar i horisonten. Framtida kan se dyster ut. Men: Framtida er ikkje berre dyster. Jesus kjem og møter menneske der dei er på vandring på livsvegen sin. Han kom imot kvinnene på veg vekk frå grava. Han kom imot enka frå Nain som var i ferd med å gravlegge sonen sin. «Fra vår fremtid kommer Kristus til deg», som Svein Ellingsen syng. Så kan vi gå frimodig inn i framtida. Jesus har sigra over dauden og det vonde, og kjem imot oss. All ære til han som er Herre over dødens makt.



Margrethe Holmboe Askeland
SOKNEPREST



TUNET

Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål. Og alle er velkomne til å leige, anten det er dåpsfest, konfirmasjon eller bryllaup. Eller kanskje eit møte av ulike slag?

Salongen: møterom for 6-12 personar

Spegelen: møterom/øvingsrom for 6-20 personar. (P)

Eldstova: møterom for 10-60 personar. (P) (T)

Glass-salen: møterom for 10-25 personar

Storsalen: Møterom/konsertsal/

Foredragssal: 50-200 personar (P) (T)

Undervisningsrom: Møterom for 10-20 personar (P)

Pådekking: til inntil 150 personar.

(P) = projektor

(T)= høgtaleranlegg/teleslynge

**Kontakt kyrkjekontoret
for avtale om leige og leigevilkår
Telefon 56 57 24 00**

Nytt frå soknerådet

Soknerådet har i 2018 hatt 3 møter.

På første møte var handsaming av Budsjett 2018 viktigaste saka. Soknerådet har eit samla budsjett på vel 15 millionar. Av dette er det driftstilskot frå kommunen på 8,6 mill og tilskot til kateket/trosopplæring på 1,7 mill. Andre inntekter er på tilsaman 4,4 mill.

Budsjett femner om drift av kyrkjer, gravplassar, Tunet og kyrkjeleg administrasjon.

I februar hadde soknerådet rekneskapen for 2017 til godkjenning. Rekneskapen var avslutta med 7-tusen i overskot. Rett nok var øyremerkte gåvemidlar og tilskot sett av til sine formål, så det reelle overskotet var høgare.

Soknerådet fordele og i februar frå overskot frå julemassa til ulike lag/grupper.

I mars-møtet hadde soknerådet årsmelding 2017 til handsaming. Vidare sluttet rådet seg til dei tankar om nytt opplegg for konfirmanttida. For neste års konfirmanter vil det bety eit opplegg som vil skilje seg frå det som har vore dei siste åra.

Soknerådet sette og ned ein orgelkomité som skal vurdere ulike løysingar for orgel til Os kyrkje. Orgelet i Os kyrkje er meir enn 50 år gammalt og treng anten vesentleg reperasjon/opprustning eller vi må tenkje nytt orgel. Nytt orgel kan vere tradisjonelt pipeorgel eller ein kan ha digitalt orgel. Soknerådet skal seinare ta stilling til mogeleg løysing ut frå dei vurderingar og tilrådingar orgelkomitéen legg fram.

Skapingsdagane 25-27 juni

Arrangement for 1. og 2. klassingar. Påmeldinga vart opna på vår website
www.kyrkja.no/os frå 14. mai

Vårkonsert med Kyriake Søndag 29.april, kl.19.00

Gjestar: Anna B.Skjælaaen, dans
 Innslag av Kongshaug-elevar, m.a.
 Andreas Lutcherat, klarinett
 Akkompagnatør : Linda Haugland

Trekningsliste Basar 10. februar 2018

Gevinst - Vinner

- Dokke med seng & klær - Ellinor V. Enstad.
- Harandgersaumsłopar - Margrethe Askeland.
- Sekk med utstyr - Håkon Jakobsen.
- Dokke med vogge & klær - Kjellfrid Angelskår.
- Batteridrill - Valborg Vårdal.
- Pute, gul - Halvor I. Lund.
- Laks (frossen filé) - Linda Varpe.
- Genser vendela - Inger J. Voxen.
- Akebrett, blått - Anna-Stina Tøsdal.
- Pute, grå flettemønster - Allin C. Briggs.
- Genser Gul - Henny Kobbeltvedt.
- Pute, grå flettemønster - Irene Hunshamar.
- Fotball - Anne Magnus.
- Pledd, oldemorsruter - Solfrid Hernes.
- Akebrett, grønt - Gunnbjørg Sælen.
- Sjal/pledd, Burgunder Nøstebarn - Leif Fjellvang.
- Laks (frossen filé) - Familien Barman.
- Sjal/pledd Nøstebarn - Marit Lutro.
- Suppeskåler - Kristian Johansen.
- Fanajakke (barn) - Bjørn Atle Drange.

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
 Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Sag og høvleri

DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurlast
 Panel - rister - golv
 Trykkimpregnerte materialer

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
 5215 LYSEKLOSTER



**Rørlegger
Titlestad**

- NYBYGG
- REHABELITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og
 uforpliktende befaring

Tlf 480 68 830

mail:
titlestad93@hotmail.com

www.rørleggertitlestad.no

NMS GJENBRUK OS MILJØ, MØTEPLESS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.

Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis
 Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421




MILJØ MØTEPLESS MISJON



Følg oss på Facebook
 "NMS Gjenbruk Os"

Støtt våre annonsører



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no

ING. G. VÅGE A.S.

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar

OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no





TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS

Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse

- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90



GRAVMINNERS

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing



STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00



Døgntelefon 56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.
www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

21. januar

Ronja Johansen Fosse
Harald Engeseth Grimsland
Thea Sofie Snangholt Hovland
Elena Reigstad Milde
Emilie Birkeland Monsen
Samuel Skaar Sælen
Amilia Sperrevik

28. januar

Adrian Dale
Johan Ordahl Hatvik
Amalie Bru Lindnes
Frida Rusdal
Hedda Bringsli Tysdal

4. februar

Ine Aspenes
Colin Darlington-Gausereide
Magnus Espenvik
Mons Halhjem-Aasen

11. februar

Liam Nesbø Dalland
Isac Tyse Haugland
Emma Sophie Stai Nordstrønen
Peter Nytræ

25. februar

Sverre Berge Johannessen
Even Byrkjeland Nytræ
Dennis Wassberg

4. mars

Henrik Frotveit Hallem
Lotte Hjelle Hitland
Loke Nilsen Moberg
Per-Christian Armah Moberg
Emil Nicolai Kyte Nicolaisen
Ludvig Birkeland Torsvik

11. mars

Sander-Nikolai Gjelsvik Halhjem

25. mars

Olav Øvredal Erdal
Edward Nordaas Øvredal
Magnus Tønder Rød
Phillip Grenasberg Sumstad

1. april

Kasper Austevoll Haldorsen
Scott Liam Nyland



DØDE

Lars Johan Søfteland

f. 25.01.1933 - d. 11.01.2018

Christian Von Essen Pedersen

f. 23.07.1934 - d. 18.01.2018

Amalie Katrine Bruarøy

f. 09.07.1928 - d. 10.02.2018

Anna Marie Lepsøy

f. 03.12.1923 - d. 02.03.2018

Odd Jarl Askvik

f. 26.11.1921 - d. 12.01.2018

Sylvia Ingvarda Solesvik

f. 12.06.1935 - d. 25.01.2018

Fritz Einar Ravnskog

f. 01.06.1922 - d. 11.02.2018

Ole Johan Sælen

f. 22.09.1934 - d. 02.03.2018

Helga Olava Herheim

f. 27.11.1933 - d. 13.01.2018

Odd Ansgard Kjerrgård

f. 17.08.1937 - d. 27.01.2018

May Karin Svendsen

f. 20.05.1965 - d. 11.02.2018

Hildegunn Engevik

f. 15.05.1955 - d. 12.03.2018

Else Margrethe Nordbø

f. 06.12.1942 - d. 18.01.2018

Berit Dale

f. 16.06.1928 - d. 31.01.2018

Anna Kinden

f. 01.04.1928 - d. 27.02.2018



Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Nerset kyrkje
29.04.18 kl. 10.00: Dåp.	05.05.18 kl. 09.30: Konfirmasjon.
29.04.18 kl. 11.15: Nattverd	kl. 11.30: Konfirmasjon.
06.05.18 kl. 10.00: Konfirmasjon.	kl. 13.30: Konfirmasjon.
kl. 12.00: Konfirmasjon.	06.05.18 kl. 11.00: Dåp.
10.05.18 kl. 16.00: Nattverd	13.05.18 kl. 10.00: Konfirmasjon.
12.05.18 kl. 10.00: Konfirmasjon.	kl. 12.00: Konfirmasjon.
kl. 12.00: Konfirmasjon.	03.06.18 kl. 11.00: Dåp.
17.05.18 kl. 10.00: Festgudsteneste.	17.06.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd
20.05.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
27.05.18 kl. 10.00: Dåp.	01.07.18 kl. 11.00: Misjonsgudsteneste.
27.05.18 kl. 11.15: Nattverd.	Nattverd.
03.06.18 kl. 11.00: Nattverd.	19.08.18 kl. 11.00: Utdeling av 6-årsbok.
10.06.18 kl. 10.00: Dåp.	Dåp.
10.06.18 kl. 11.15: Nattverd.	
17.06.18 kl. 11.00: Nattverd.	
24.06.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
<i>01.07.18 kl. 11.00: Kun gudsteneste i Nore Nerset kyrkje</i>	
08.07.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	21.05.18 kl. 11.00: Dåp.
15.07.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	19.08.18 kl. 13.00: Dåp.
22.07.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
29.07.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
05.08.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
12.08.18 kl. 10.00: Dåp.	
12.08.18 kl. 11.15: Nattverd.	
19.08.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
19.08.18 kl. 16.00: Utdeling av 6-årsbok.	26.08.18 kl. 11.00: Presentasjon av konfirmanter.
26.08.18 kl. 11.00: Jubileum Kysthospitalet.	
26.08.18 kl. 19.00: Presentasjon av konfirmanter.	Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysninger.

Lysekloster kapell

21.05.18 kl. 11.00: Dåp.
19.08.18 kl. 13.00: Dåp.

Søfteland bedehus

26.08.18 kl. 11.00: Presentasjon av
konfirmanter.

Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 26. desember 2017

Dato	Takkoffer til	Beløp
01.01.2018	Diakoniarbeidet i kyrkjelyden	5244,-
07.01.2018	Kyrkjetonet	5346,-
14.01.2018	Den Norske Israelmisjonen	4426,-
21.01.2018	Misjonsprosjektet	11018,-
28.01.2018	Os KRIK	7068,-
04.02.2018	Tunet	2998,-
11.02.2018	Det Norske Bibelselskap	4502,-
18.02.2018	Barnearbeidet i kyrkjelyden	5785,-
25.02.2018	Ungdom i oppdrag	4330,-
04.03.2018	Tunet	3652,-
11.03.2018	Misjonsprosjektet	5784,-
18.03.2018	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	4228,-

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

KYRKJEVERJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, ljh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 18, mob: 47656541

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11
Anton Proskurnin, ap@os.kyrkja.no
mob. 48232977

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven (i permisjon)
Nicolay Vinkler, nv@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG

GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Trygve Helgesen, Marianne Tveit og
Linn Kjerstin Rondestveit

Avs:

Os kyrkjelyd
Postboks 209
5202 Os


BARNESTIDA



BARNAS SIDE

Fargelegg!

Jesus vaska føtene til læresveinane.



Teikning: Jan McCafferty

Mannen gjekk inn på reisebyrået og sa:
– Eg vil ha ein billett til Sikte.
– Sikte, kor er det?
– Eg veit ikkje, men på vêrmeldinga sa dei at det var betre vær i Sikte.

Vitsar

– Kvifor et du plaster?
– Eg har så vondt i magen.

– Kvifor puttar du iPhonen din i juspressa?
– Eg lagar Apple-jus.

Finn 5 feil


Teikning: Jan McCafferty

Kvelden før Jesus blei korsfesta, feira han påskemåltid med læresveinane sine. Finn dei fem feila i biletet til høgre.



Prikk til prikk

Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement
på **sondagsskolen.no**
eller **22 08 71 00**

